



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Lund kommune

22. mars 2018

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgende ordninger:


- Produksjonstilskot i jordbruket
- Tilskot etter regionalt miljøprogram, RMP
- Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, NMSK og skogfondordninga

Vår referanse: 2018/302

Innhald

1. Samandrag.....	3
2. Innleiing.....	5
3. Bakgrunn for kontrollen	5
4. Heimel for kontrollen	5
5. Opplysningar om gjennomført kontroll	6
5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen	6
5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....	6
5.3 Tema for forvaltningskontrollen.....	7
6. Funn.....	7
6.1 Definisjonar.....	7
6.2 Tema 1 – Produksjonstilskot.....	8
6.2.1 Tilskot til dyr på beite.....	8
6.2.2 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting.....	9
6.2.3 Driftsfellesskap	13
6.3 Tema 2 – RMP - tilskot etter regionalt miljøprogram	14
6.4 Tema 3 – Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur - kontroll av underbilag, og tiltaksstrategi for nærings – og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).....	17
Vedlegg (ikkje offentleg) – oversikt over saker	

Verdiskaping jordbruk, Lund, bruttoprodukt, 38,2 mill. kr



Illustrasjon henta frå vedlegg til NIBIO rapport vol.2 nr. 75, 2016

Fylkesmannen sitt hovudintrykk er at landbruksforvaltninga i Lund kommune har gode rutinar for oppfølging av dei kontrollerte ordningane, men det er forbetringspotensiale på nokre felt.

- 98 føretak søkte produksjonstilskot i søknadsomgangen 2017
- 30 mill. kr i ulike tilskot blei forvalta og utbetalt til landbruksføretak i Lund kommune (2015)

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Lund kommune 22. mars 2018.

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av ordningane «Produksjonstilskot i jordbruket», «Tilskot etter regionalt miljøprogram, RMP» og «Tilskotsordningar i skogbruket, NMSK og skogfond».

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og har desse merknadene:

Avvik

Produksjonstilskot (PT)

- **Avvik 1**
Kommunen har ikkje vore konsekvent med å nytte merknadsfeltet i alle saker der det er gjort rettingar/endringar i søknadsskjema.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der har vore feilføring av dyretal.
- **Avvik 3**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der Mattilsynet har funne brot på dyrevelferdsregelverket.

Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)

- **Avvik 4**
Kommunen har løyvd tilskot til bratt areal der bratt areal utgjer mindre enn 15 dekar.
- **Avvik 5**
Kommunen har løyvd tilskot til kystlynghei til område som ikkje er registrert i naturbasen.
- **Avvik 6**
Kommunen har løyvd tilskot til gravminne som ligg på område markert som skog i AR5.

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) og skogfondordninga

- **Avvik 7**
Kommunen manglar strategi for nærings- og miljøtiltak i kommunen.
- **Avvik 8**
Kommunen manglar hovudplan for skogsvegar.
- **Avvik 9**
Kommunen manglar dokumentasjon for utbetaling av tilskot til både skogkultur og skogsvegar

Merknader

Produksjonstilskot

- **Merknad 1**

Kommunen bør nytte retningslinene gitt i rundskriv når dei skal vurdere storleiken på avkorting i saker der det er ført opp feilopplysningar i søknaden som kunne gitt urett meirutbetaling.

Tilskot etter regionalt miljøprogram

- **Merknad 2**

Kommunen bør lage skriftlege rutinar for risikovurdering og gjennomføring av stadleg kontroll.

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) og skogfondordninga

- **Merknad 3**

Kommunen manglar gode rutinar for handtering av underbilag.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølve kontrollen og nærare omtale av avvik og merknader.

2. Innleiing

Varsel om forvaltningskontrollen blei sendt til Lund kommune i brev datert 05.03.2018. Sjølve kontrollen blei gjennomført 22. mars 2018.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si forvaltning av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskot i jordbruket, PT
- Tilskot etter regionalt miljøprogram, RMP
- Tilskotsordningar i skogbruket, NMSK og skogfond

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket
- Forskrift 06.07.2016 nr. 888 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Forskrift 03.07.2006 nr. 881 om skogfond o.a.
- Forskrift 04.02.2004 nr. 447 om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Jordbruksavtalen 2015-2016 og Jordbruksavtalen 2016-2017
- Gjeldande rundskriv for ordningane som blei kontrollerte

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 22. mars 2018	Journalnummer: 2018/302
Dato for førre kontroll: 25. november 2014	Journalnummer: 2014/11260

Kontrollert verksemd

Kommune: Lund	E-post: postmottak@lund.kommune.no
Besøksadresse: Moiveien 9, 4460 Moi	Telefon: 51 40 47 00

Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Ståle Kongsvik	Rådmann	X		
Solfrid Birkeland	Konsulent	X	X	X
Anne Mette Laurendz	Påtroppande landbrukssjef	X	X	X
Olav Magne Tonstad	Landbrukssjef	X	X	X

Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Geir Skadberg	Landbruksdirektør	x	x	x
Else F. Hodne	Kontrollør PT og RMP	x	x	x
Stein Bomo	Kontrollør NMSK og skogfond	x	x	x
Sissel C. Endresen	Kontrollansvarleg og referent	x	x	x

5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til landbrukspolitikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema.

- Else F. Hodne var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med produksjonstilskot og tilskot etter regionalt miljøprogram.
- Stein Bomo var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med NMSK og skogfond
- Sissel C. Endresen var kontrollleiar og referent

Intervjua blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå ulike føretak.

På sluttmøtet gjekk FM gjennom dei funna som kom fram under kontrollen.

5.3 Tema for forvaltningskontrollen

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Produksjonstilskot (PT)	<ul style="list-style-type: none">- Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting- Kva rutinar har kommunen for å rette i søknader der det er feil i søknadsdata- Korleis følgjer kommunen opp saker som gjeld brot på dyrevelferdsregelverket- Kva rutinar har kommunen for dyr på beite/utmarksbeite- Kva rutinar har kommunen i saker der det kan vere driftsfelleskap
2	Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)	<ul style="list-style-type: none">- Saksbehandlingsrutinar
3	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) og skogfondordninga	<ul style="list-style-type: none">- 4-årig tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)- Saksbehandlingsrutinar når det gjeld tilskotsforvaltning til skogkultur og skogsvegar- 10 % kontroll – utval, risikovurderingar og praktisk gjennomføring

6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema.

Eventuelle avvik og merknader som blei avdekkja vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2 Tema 1 – Produksjonstilskot

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader.

Ulike rundskriv frå Landbruksdirektoratet gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlingsrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omhandlar saksbehandlingsrutinane og det såkalla «kommentarrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane utdjupar reglane som gjeld for produksjonstilskot og avløysartilskot.

6.2.1 Tilskot til dyr på beite

Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting. Det går fram av jordbruksavtalen for 2016-2017, punkt 7.6 at «*Antall uker beiting er det antall uker hvor hoveddelen av det daglige grovfôrintaket til dyret skjer ved beiting av utmark eller innmark med tilfredsstillende beitemuligheter.*» Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredsstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at hovuddelen (dvs. minst 50 %) av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting av utmark eller innmark. Vidare står det i rundskriv 2016-22 under pkt. 6.6.6 at «Foretak som søker om tilskudd til dyr på beite, må kunne sannsynleggjøre at dyrene har vært på beite den tiden som kreves.»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har ikkje eigne rutinar for å vurdere tilskot til dyr på beite. Kommunen ser på dyretalet det blir søkt beitetilskot til ut frå tal dyr som er ført opp søknaden under dyretal. Det er nok beiteareal i kommunen. Kommunen ser ikkje på om størrelsen på beitearealet er stort nok til dei dyra som blir ført opp i søknad om beitetilskot kan ta opp hovuddelen av det daglege grovfôropptaket ved beiting. Det er føretak med mjølkeproduksjon som har mjølkerobot, og desse har beite rett ved fjøset. Det har ikkje vore problem med kravet om 12 vekers beitetid. Kommunen sjekkar leveranseregisteret for å sjå på mjølkeleveransar i sommarmånadene for dei som fører opp mjølkekyr på utmarksbeite.

- **Sak 1**

Søklar har ført opp 12 av 18 mjølkekyr på utmarksbeite. Har lågare mjølkeleveranse frå august og ut året.

- **Sak 2**
Søkjær har ført opp 7 av 12 mjølkekyr på utmarksbeite. Har litt lågare mjølkeleveranse juni-oktober.
- **Sak 3**
Søkjær har ført opp 26 av 26 mjølkekyr på utmarksbeite. Har ikkje hatt mjølkeleveranse i juni og juli.
- **Sak 4**
Søkjær har ført opp 10 av 20 mjølkekyr på utmarksbeite. Redusert mjølkeleveranse i juli-september.
- **Sak 5**
Søkjær har ført opp 36 av 39 mjølkekyr på utmarksbeite. Redusert mjølkeleveranse i juni, juli og august.

Fylkesmannen si vurdering

Det er viktig å ha fokus på beitetilskota og kravet om at minst halvparten av grovfôropptaket skal skje ved beiting. Dette gjeld særleg føretak som t.d. fører alle mjølkekyr på utmarksbeite. I dei sakene vi la fram under kontrollen ser det ut for at kommunen har gjort ei grei vurdering ut frå at det har vore lågare mjølkeleveranse om sommaren og at dei aktuelle føretaka har hatt tilgjengeleg utmarksbeite i nærleiken. Vi vil oppmoda kommunen til å ha fokus på dette også i framtida.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.2.2 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting

Om regleverket

Av rundskriv 2016-22 går det fram av kap. 5.1.8 korleis kommunen skal behandle feil eller uavklarte tilhøve i søknaden. I andre avsnitt står det at «Søker skal i utgangspunktet aldri kunne få tilskudd til flere dyr eller mer areal enn hva søker har oppgitt i søknaden.»

Vidare står det i kap. 5.1.8 fjerde avsnitt at «I tilfeller der kommunen oppdager at søker har søkt om mer enn hva som faktisk disponeres, skal kommunen 1) korrigere tilskuddsgrunnlaget til faktiske forhold, 2) vurdere avkorting i det resterende tilskuddet på grunn av oppgitt feilopplysning, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12. Se kapittel 10.5 i dette rundskrivet. Ved feilopplysninger skal også kommunen vurdere om det er grunnlag for politianmeldelse, jf. kapittel 10.6. Se også omtale i gjeldende kommentarrundskriv kapittel 12.»

I siste avsnitt står det at «Kommunen skal alltid bruke kommentarfeltet i WESPA til å forklare hvorfor rettinger er gjort.»

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 11 og § 12 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir akksam og for å førebygge feilutbetalingar og regelverksbrot.

Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 12 i rundskriv 2016-12 der det bl.a. står at «Bestemmelsen er utformet som en "kan"-bestemmelse, men det klare utgangspunktet er at det **skal** avkortes dersom søker minst har vært uaktsom ved inngivelse av feilopplysninger, og dette har medført eller kunne medføre en merutbetaling. Forvaltningen plikter i alle tilfeller å vurdere avkorting.»

I saksbehandlarrundskrivet 2016-22 kap. 10.5.2 står det om korleis kommunen skal handtere saker der dei avdekker avvik/feilopplysningar. Her går det mellom anna fram at kommunen skal rette søknaden i samsvar med dei faktiske tilhøva, men det står vidare at «...,søknaden skal ikke rettes slik at søker får mer enn omsøkt.»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Feilopplysningar

Kommunen har rutine for å rette søknader slik at søkjar får utbetalt etter rette tal. Det er vanleg å få inn rettingar på e-post, men ein del kjem inn på kontoret og rettar søknaden og då må dei sjølv signere på søknaden.

Kommunen har rutine for å vurdere avkorting i dei sakene der det er aktuelt. Dersom det er store avvik i høve til husdyrregisteret tek saksbehandlar ein telefon for å finne ut om det er feil i husdyrregisteret. Dei har erfart at det blir feil i landbruksregisteret i dei tilfella der kyr kalvar rett før 1. mars.

Gjennomgang av saker frå listene 4100A/B og 4100C

- **Sak 6**
Søkjar har ført opp sau i kode 821, økologisk. Søknaden er stoppa i maskinell kontroll då føretaket ikkje hadde Debiogodkjenning. I tillegg er dyretalet endra etter e-post frå søkjar 11.01.2017. Søkjar har ført opp 24 sau i kode 821, kommunen har godkjend 22. Kommunen har ikkje vurdert avkorting for feilføring av økologisk sau i kode 821. Satsen for økologisk sau var kr 500 pr. sau.
- **Sak 7**
Hadde ført opp 28 storfe på beite som ikkje hadde gått på beite. Meirutbetalinga ved feilføringa hadde vore kr 12 152. Kommunen har avkorta med kr 4 000. Kommunen har sendt eige brev til søkjar om denne avkortinga.

- **Sak 8**
Kommunen var usikker på kvifor denne stod på lista. FM fekk e-post frå kommunen 22. mars med forklaring. Søkjaren hadde søkt innan fristen. Ved siste input-kontrollen var ikkje gnr/bnr 35/16 aktivt lenger, og var koplå til hovudnr. 35/3. Tilskotet blei utbetalt etter manuell utbetaling.
- **Sak 9**
Søkjar hadde ført opp ein hest for mykje i kode 116, og under stadleg kontroll blei dette oppdaga og talet på hest i kode 116 blei retta. Tal hestar på beite er ført korrekt. Kommunen har på liste 4100C forklart at dei ikkje har avkorta fordi dei ser på det som ei feilføring at søkjar har ført opp 3 hestar i staden for 2 i kode 116. Ingen merknader i WESPA.
- **Sak 10**
Under kontrollen kunne ikkje kommunen gjere greie for denne søknaden. I WESPA går det fram at søknaden er registrert av saksbehandlar 17.01.2017. Søknaden inneheld ikkje tal frå søkjar, men berre tal som kommunen har godkjend. Det er ingen merknader i WESPA. Etter kontrollen har vi fått tilsendt kopi av papirsøknaden. Dette var en søknad som søkjar ikkje klarte å få registrert i systemet og som også kommunen hadde problem med. Søkjar hadde flytta frå Trøndelag og til Lund. I papirsøknaden har søkjaren ikkje ført opp beløp i søknad for avløysartilskot. Kommunen har ført opp søknadsbeløp.
- **Sak 11**
Opplysningar om søknadsbeløp er korrigerert av kommunen. Kommunen sendte e-post til føretaket 16. januar og fekk svar 23. januar. Søkjar hadde ført opp søknadsbeløpet på feil stad i søknaden. Kommunen har lagt inn merknad i WESPA.
- **Sak 12**
Kommunen har strøket avløysartilskotet. Det er retta etter telefon frå søkjar 07.03.2017. Grunngevinga er at søkjar ikkje hadde rett på avløysartilskot då dei ikkje hadde grunnlag. Kommunen har lagt inn merknad i WESPA.
- **Sak 13**
Kommunen har endra søknadsbeløpet på avløysartilskot. Søkjar var innom kontoret før søknadsfristen, og har signert på endringa. Ingen merknader i WESPA.
- **Sak 14**
Kommunen har endra søknadsbeløpet på avløysartilskot etter dokumentasjon frå avløysarlaget og avtale med søkjar. Det blei retta 16. januar, dvs. før søknadsfristen. Ingen merknader i WESPA.

Regelverksbrot

Samarbeidet med Mattilsynet er ikkje bra. I følgje kommunen har MT to gonger sagt at dei skulle komme på møte, men dei har ikkje møtt opp. Kommunen har fått kopi av vedtak frå Mattilsynet, men dei har fått dei seint. Kommunen har rutinar for å følgje opp når dei får kopi. Ved siste utbetaling kom eit vedtak frå MT for seint til at kommunen kunne gjere noko med utbetalinga. Kommunen har også eit føretak der søkjar har økonomiske problem, og i det tilfellet har kommunen avkorta i tidlegare søknadsomgangar.

- **Sak 15**

I denne saka har kommunen fått kopi av fleire rapportar og vedtak frå Mattilsynet i løpet av 2017 om brot på dyrevelferdsregelverket. Kommunen har ikkje avkorta eller vurdert avkorting.

Kommunen har ikkje hatt saker med brot på regelverk om sprøytejournal og gjødselplan.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har gode rutinar for å gå gjennom søknadene. I nokre få av sakene som vi gjekk gjennom under kontrollen (sak 9, 10, 13 og 14) hadde ikkje kommunen nytta merknadsfeltet i WESPA. Av saksbehandlarrundskrivet går det fram at kommunen skal nytte merknadsfeltet i WESPA for å forklare kvifor det er gjort rettingar. Det er viktig at slike rettingar blir dokumentert, enten ved eige brev eller med kommentar i WESPA, då er det mogleg å sjå kvifor opplysningar er endra.

I sak 6 har søkjar ført opp sauer i kode 821, økologisk. Søknaden er stoppa i maskinell kontroll då produksjonen ikkje er Debiogodkjend. Kommunen skulle vurdert avkorting for feilføring i denne saka.

I sak 7 har kommunen avkorta med eit lågare beløp enn det som står i retningslinjene for avkorting ved feilopplysningar som er gitt simpel aktlaust. Kommunen har avkorta med kr 4000,- der søkjaren kunne ha fått urettmessig utbetalt kr 12 152,- for feilopplysningane gitt i søknaden. I rundskriv 2016-22 punkt 10.5.5 går det fram av retningslinjene er at ved feilopplysningar som er gitt simpel aktlaust så kan det leggjast til grunn ein standardisert avkortingsnorm der det blir avkorta med eit beløp tilsvarande den meirutbetalinga feilopplysningen ville ført til.

Når det gjeld saker der kommunen får kopi av vedtak frå Mattilsynet, er det viktig at kommunen følgjer opp. Kommunen skal alltid vurdere avkorting i desse sakene. I sak 15 har kommunen fått kopi av fleire vedtak frå MT i perioden februar-november 2017. Kommunen burde difor hatt god tid til å vurdere eventuell avkorting i søknadsomgangen 2017 då denne blei utbetalt i februar 2018. Vi veit også at kommunen har fått kopi av vedtak frå Mattilsynet etter tilsyn i januar 2018 i eit anna husdyrhald. Her er det viktig at kommunen har gode

rutinar for å følgje opp for å vurdere eventuell avkorting i søknadsomgangen 2018 (med utbetaling i februar 2019).

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi funne følgjande avvik:

- **Avvik 1**
Kommunen har ikkje vore konsekvent med å nytte merknadsfeltet i alle saker der det er gjort rettingar/endringar i søknadsskjema.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der har vore feilføring av dyretal.
- **Avvik 3**
Kommunen har ikkje vurdert avkorting i alle saker der Mattilsynet har funne brot på dyrevelferdsregelverket.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 1**
Kommunen bør nytte retningslinene gitt i rundskriv når dei skal vurdere storleiken på avkorting i saker der det er ført opp feilopplysningar i søknaden som kunne gitt urett meirutbetaling.

6.2.3 Driftsfellesskap

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det er i strid med reglane om driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der det er fleire føretak på same landbrukseigedom som søker produksjonstilskot. Risikoen for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det føreligg driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontroller med denne delen av regelverket.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har ikkje hatt saker der dei har vurdert driftsfellesskap. Fylkesmannen la fram to aktuelle saker.

- **Sak 16**
To føretak som søker ut frå same gnr./bnr. Dette gjeld eit dødsbu. Det blir søkt arealet ved sal av fôr, resten blir leigd vekk.

- **Sak 17**

Ektefellar der begge driv kvar sitt føretak. Kommunen opplyser at bruka ligg langt frå kvarandre.

Fylkesmannen si vurdering

Det er viktig av kommunen er merksame på eventuelle saker der det kan vere driftsfellesskap. Det kan t.d. vere aktuelt for kommunen å gjennomføre stadleg kontroll for å vurdere om det er grunnlag for å gjere ei grundigare gjennomgang. Dette er særleg aktuelt der det er ektefellar som driv kvar sitt føretak og som søkjer produksjonstilskot kvar for seg.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.3 Tema 2 – RMP - tilskot etter regionalt miljøprogram

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å fatte vedtak etter RMP-forskrifta jf. § 27. Tilskot blir utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar m. v. fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag. Retningslinjer for utbetaling av regionale miljøtilskot er omtalt i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2016-9, og i Fylkesmannen sitt rundskriv 1/2016.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Rutinar for søknadsbehandling

Dei fleste som søkjer RMP søker digitalt, siste året var det 3-4 stk. som kom på papir. Papirsøknadene blir arkivert i perm og blir tekne vare på i 10 år. Totalt i kommunen er det om lag 38 som søkjer om regionalt miljøtilskot.

Kommunen nyttar karta som ligg inne frå tidlegare omgangar i saker der det er søkt om tilskot til bratt areal. Har ikkje hatt saker som står «under registrering», alle er attestert. Dei søknadene som står «under registrering» av søkjar gjer ikkje kommunen noko med.

Kommunen har berre ein søknad som er avslått, og der var det berre notert i søknaden i merknadsfeltet. Årsaka til at søknaden blei avslått var at det ikkje er registrert noko av verdi i naturbasen på eigedomen.

Når kommunen skal behandle søknader, tek dei fram papir frå førre omgang for å sjå om det er avvik. Det meste er likt frå søknadsomgang til søknadsomgang. Kartet som ligg i eSTil blir bruk, men dei bruker også temakartportalen ved behov. Kommunen har og gode kart som dei nyttar. Dei har laga ein oversikt over dei som har gravminne og styvingstre.

Kommunen kontrollerer gjødselplan, men har ikkje informert godt nok om at det er krav om årleg gjødselplan. Søkjarane har gjødselplan, men den er ikkje alltid oppdatert. Kommunen har ikkje avkokorta for manglande eller mangelfull gjødselplan.

I dei tilfella der søkjaren ikkje har søkt på alt dei kunne ha søkt på, så går ikkje kommunen inn og endrar søknaden. Dei gir tilbakemelding til søkjaren slik at dei kan ta det med i søknaden til neste år. Kommunen kunne ikkje hugsa at det hadde vore saker der nokon har søkt på for mykje, men dei har hatt saker som har blitt avslått fordi søkjar har søkt på ordningar dei ikkje har rett på. Kommunen har ikkje hatt tilfelle der dei har avkorta søknader.

Stadleg kontroll

Ved stadleg kontroll plukkar kommunen ut føretak der dei ikkje har vore på kontroll før. Dei tek ein intern diskusjon før utplukk. Det er ikkje mykje risikovurdering i utplukket. Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving for risikovurdering og utplukk. Stadleg kontroll blir gjennomført ved at dei reiser ut og ser på det søkjar har ført opp i søknaden. Dei har med skjema under kontrollen som både kontrollør og søkjar signerer etter at kontrollen er gjennomført.

Bratt areal

Bratt areal ligg allereie i kartet, og kommunen sjekkar at område det blir søkt på er registrert i kart som bratt areal. Søkjar kan endre i kartet dersom dei har gjort endringar i høve til året før. Kommunen er ikkje ute og sjekkar at eit område som er godkjent er avbeita med mindre føretaket blir plukka ut til stadleg kontroll.

- **Sak 18**

FM viste til ein sak der det er godkjent tilskot til bratt areal, men der arealet er under minstekravet på 15 daa.

Kystlynghei

Det er område i kommunen som er godkjent område med kystlynghei. Dette er eit område som ligg fast og det er utarbeidd skjøtselsplan for området. Kommunen nyttar naturbasen for å sjå om omsøkt område ligg i godkjent område, men dei vurderer ikkje om krava i skjøtselsplanen er oppfylt. Kommunen har ikkje vurdert dyretal i forhold til areal fordi dei meiner det uansett er nok areal.

- **Sak 19**

Kommunen har løyvd tilskot til kystlynghei til areal som ikkje er registrert i naturbasen. Denne er godkjent av saksbehandlar i kommunen tilbake i tid.

Turstiar

Kommunen har oversikt over turstiane og dei er teikna inn i kart. Kommunen har kontrollert desse tidlegare og dei ligg fast. Det er eventuelt ved endringar av areal at det er behov for oppdatering. Kommunen veit ikkje korleis merkinga er gjort. I to tilfelle som FM la fram er

tursti teikna inntil skogområde på kartet, og det blei spurt om dette må reknast som tursti i utmark. Kommunen meinte at desse to turstiane ligg i plantefelt.

- **Sak 20 og 21**

Dette gjeld to saker der kommunen har godkjend tilskot til tursti som går i område som er markert som skog i AR5. Kommunen viste til at begge desse går i område med plantefelt.

Kulturminne

Dei som har søkt tidlegare blir ikkje sjekka då kommunen går ut frå at det er likt år for år. Kommunen sjekkar når det er nye søkjarar.

- **Sak 22**

FM viste til eit tilfelle med ein ny søkjar der det kan sjå ut som at det et godkjend kulturminne i eit område markert som skog i AR5.

Fylkesmannen sin vurdering

Kommunen har ikkje skriftlege rutinar for stadleg kontroll. Vi vil tilrå at kommunen får på plass rutinar for utplukk og gjennomføring av stadleg kontroll. Kommunen bør også har ei oversikt over kva som er risikovurdering for kvart år og kven som blei plukka ut for kontroll.

Det er viktig at kommunen er kjend med ordninga og dei avgrensingane som ligg i regelverket. For å kunne godkjenne tilskot til bratt areal, må det vere minst 15 dekar som kan karakteriserast som bratt. I sak 18 har kommunen godkjend bratt areal under 15 daa.

Når det gjeld tilskot til kystlynghei, så må areal som blir godkjend vere i område som er registrert i naturbasen. Dersom område ikkje er registrert i naturbasen, så kan ikkje arealet godkjennast som kystlynghei. I sak 19 har kommunen godkjend tilskot til kystlynghei sjølv om arealet ikkje er registrert som kystlynghei i naturbasen.

Når det gjeld tilskot til vedlikehald av turstiar, er det viktig at kommunen er kjent med korleis merkinga er gjort. For å kunne godkjenne tilskot til vedlikehald av tursti, må stien gå over eller i kanten av innmarksareal, dvs. fulldyrka areal, overflatedyrka areal, innmarksbeite og skogplantefelt. Når det gjeld sak 20 og 21 så ligg desse i område som i AR5 er markert som skog. Kommunen stadfesta under kontrollen at dei ligg i område definert som plantefelt, og tilskot er difor innanfor regelverket. Det er viktig at kommunen følgjer opp desse. Når plantene har vekse nokre år og blitt meir hardføre og betre kan tole ferdsel, så kan området ikkje lenger bli sett på som skogplantefelt, og dei fell då utanfor RMP-ordninga.

For å kunne få tilskot til skjøtsel av gravminne må desse liggje på eller i direkte tilknytning til jordbruksareal. I sak 22 har kommunen løyvd tilskot til gravminne på område som i AR5 er merka som skog.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi funne følgjande avvik:

- **Avvik 4**
Kommunen har løyvd tilskot til bratt areal der bratt areal utgjer mindre enn 15 dekar.
- **Avvik 5**
Kommunen har løyvd tilskot til kystlynghei til område som ikkje er registrert i naturbasen.
- **Avvik 6**
Kommunen har godkjend tilskot til gravminne som ligg på område markert som skog i AR5.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 2**
Kommunen bør lage skriftlege rutinar for risikovurdering og gjennomføring av stadleg kontroll.

6.4 Tema 3 – Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur - kontroll av underbilag, og tiltaksstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Kommunen blei varsla i forkant av forvaltningskontrollen om kva saker som er plukka ut, slik at dei hadde underbilag og nødvendig dokumentasjon klar på kontrolldagen.

Om regelverket

Kommunen har ansvaret for forvaltninga etter "*Forskrift om skogfond o.a.*", jf. §§12 og 17 og *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*", jf. § 12. Alle krav om utbetaling skal vere tilstrekkeleg dokumentert, og kommunen skal i naudsynt omfang kontrollere gjennomførte investeringar og utførte tiltak før utbetaling. Det er krav om at det skal fastsetjast overordna retningsliner – tiltaksstrategi for prioritering og forvaltning av tilskotsordningane på skogområdet, jf. § 3.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

I forvaltninga av dei økonomiske verkemidla, kalla Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), skal kommunen ha utarbeidd fireårige strategiar. Kommunen har per dato ingen gjeldande strategiplan for tilskotsordninga NMSK. Den siste strategiplanen gjekk ut i 2011. Fylkesmannen har utarbeidd ein felles mal for å hjelpe kommunane med utarbeiding av tiltaksstrategiar i alle kommunar for NMSK. Kommunen har ikkje utarbeidd nokon eigen tiltaksstrategi for NMSK, men bruker utsendt mal som rettesnor i forvaltninga av tilskota på skogområde.

For tilskot til skogsvegbygging og taubane har Fylkesmannen vedtaksmynde og ansvaret for å utarbeide retningsliner i samråd med kommunane og skognæringa lokalt. I nyleg vedtekne «*Retningsliner for støtte til drift med taubane, hest o.a. og skogsvegbygging 2018*» er det krav om at «*alle større skogkommunar skal ha utarbeidd hovudplan for skogsvegar som skal vere styrande for prioritering av tilskot og mobiliseringsarbeid*». Det er ikkje utarbeidd nokon ferdig hovudplan for skogsvegar i Lund kommunen, men ein har kome relativt langt i arbeidet gjennom både identifisere eksisterande skogsvegar og konkretisere framtidig vegbehov. Det som står att er å få dette formalisert inn i eit skriftleg dokument som bør handsamast politisk i kommunen. Her har også Fylkesmannen utarbeidd ein mal – «*Hovudplan for skogsvegar*» til hjelp i arbeidet, og ytt hjelp gjennom prosjekt vegplanlegging til arbeidet med hovudplan fram til 2016. Oppsummert er ein no på oppløpet for å få slutført arbeidet med hovudplan for skogsvegar.

Skogkultur

Det blei plukka ut 6 stikkprøvar på ordinære skogkulturtiltak med tilskot og skogfond i 2016 og 2017. I 3 av 6 saker er nødvendige underbilag på plass og i orden. For dei tre andre manglar det dokumentasjon/underbilag (S-konto 2251, 4089 og 4231). Her blir det vist til at dokumentasjon er oversendt til Fylkesmannen. Nærmare ettersyn etter kontrollen viser at det er oversendt søknadsskjema m/kartvedlegg og en miljørapport frå Vestskog SA som har vore ansvarleg for gjennomføring av skogkulturtiltaka.

Kommunen har aktivt brukt rettleiande kostnadsgrenser i den skogfaglege vurderinga og godkjenning av alle 6 skogkulturtiltaka. Godkjende kostnader er innanfor og i samsvar med "Kostnadsgrenser for skogkulturtiltak" utarbeidd av Fylkesmannen i samarbeid med kommunane.

Skogsvegar

Det blei plukka ut 3 skogsvegar med tilskot frå 2013-2016. Nødvendig dokumentasjon er i orden på 2 av 3 skogsvegar, og revisjon av rekneskapen og nødvendige underskrifter er i orden på rekneskapsamandraga. I den tredje saken (S-konto 5050) manglar det underbilag på 75 000 kr av totalt 185 000 kr.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen manglar nødvendig dokumentasjon på kostnadsgrunnlaget for utbetaling av tilskot og skogfond til skogkultur i 3 av 6 saker.

For skogsvegane manglar det dokumentasjon på delar av kostnadsgrunnlaget i 1 av 3 saker (75 000 av 185 000 kr).

Rutinane for handtering av dokumentasjon/bilag er mangelfull. Det er kommunen som har ansvar for å revidere/godkjenne rekneskapen og ta vare på dokumentasjon/underbilag i alle saker som gjeld utbetaling av tilskot til både skogkultur og skogsvegbygging. Søknadsskjema m/kartvedlegg og en miljørapport frå Vestskog SA som blei ettersendt etter forvaltningskontrollen er ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon/grunnlag for utbetaling av tilskot.

Kommunen manglar tiltaksstrategi for forvaltninga av tilskotsordningane på skogområde. Tiltaksstrategien skal kommunen utarbeide i samarbeid næringsorganisasjonane lokalt og Fylkesmannen. Tiltaksstrategien skal gje ei betre forankring og synleggjering av "Skogsatsinga" i kommunen med fokus på korleis ein vil vidareutvikla skogen i Lund kommune ytterlegare, med tanke på både auka verdiskapinga og CO₂-binding. Fylkesmannen har utarbeidd ein eigen mal for kommunane til hjelp i arbeidet.

Kommunen manglar hovudplan for skogsvegar, men har allereie gjort ein stor del av arbeidet. Formalisering, lokal tilpassing og forankring politisk står att. Her er det også utarbeidd en mal som er oversendt kommunen til hjelp i arbeidet.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 7**
Kommunen manglar strategi for nærings- og miljøtiltak i kommunen.
- **Avvik 8**
Kommunen manglar hovudplan for skogsvegar.
- **Avvik 9**
Kommunen manglar dokumentasjon for utbetaling av tilskot til både skogkultur og skogsvegar.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 3**
Kommunen manglar gode rutinar for handtering av underbilag.

Foryngingsplikta

Oppfølging av foryngingsplikta var ikkje eige tema under forvaltningskontrollen, men det blei likevel tatt opp og drøfta. Vi har registrert rekordstor hogstaktivitet i kommunen dei siste åra, men ser at planteaktiviteten ikkje aukar tilsvarende. Det betyr at ein byggjer ned skogressursane i kommunen. Dette er ikkje ei berekraftig utvikling og i strid med både skog- og klimapolitikken i landet. Det å sikre ein betre balanse mellom hogst og investeringar blir stadig viktigare for både verdiskaping og klima. Vi vil oppfordre kommunen til å prioritere arbeidet med å få opp ny kvalitetsskog etter hogst, jf. *Skogbrukslova* og *Forskrift om berekraftig skogbruk*. I 2014 blei det på forvaltningskontrollen også registrert avvik knytt til mangelfull oppfølging av foryngingsplikta.